

Reglement for Hyllestad fritidsfond

1. Føremål:

Hyllestad Fritidsfond har som føremål å gi barn og unge i alderen 5-18 år moglegheit til å delta i organiserte fritidsaktivitetar uavhengig av familiens økonomi.

2. Målgruppe:

Barn og unge mellom 5 og 18 år som er busett i Hyllestad kommune, og som ikkje allereie mottek støtte til fritidsaktivitetar via NAV.

3. Støtta skal brukast til:

Betaling for kostnader knytt til faste organiserte fritidsaktivitetar i Hyllestad kommune, eller ein av nabokommunane. Dette kan vere:

- medlemskontingent
- trenings- og aktivitetsavgift
- kulturskuleavgift
- lisensar
- eigenandel for turar, treningsleirar, deltaking på stemne og cupar m.m.

4. Støttebeløp:

Det kan bli gitt maksimalt 3000,- kr. i støtte til eit enkelt barn/ungdom i løpet av eit år. Søknadsbeløp må være minimum 300,- kr. pr. barn/ungdom. Det kan søkjast fleire gonger i løpet av året.

5. Søknadsprosedyre:

Føresette søker via digitalt skjema på Hyllestad kommune si heimeside. Søknader vert handsama fortløpande, og ein kan vente svar seinast innan 3 veker. Søknaden skal innehalde informasjon om kven det blir søkt for og kva det blir søkt støtte til. Søklar lastar så opp kvittering av betalte utlegg og ber om refusjon frå fritidsfondet. Det vert ikkje stilt krav om dokumentasjon av søklar sin økonomiske situasjon, ordninga er tillitsbasert.

6. Søknadshandsaming:

Søknaden vert handsama administrativt av sakshandsamar i oppvekst- og kulturavdelinga i kommunen. Kopi av vedtak vert sendt til NAV.

Reglementet er vedteke i Plan og Samfunn sak 22/XXX